

**Som avslutning på Festidalenhelga blir ein invitert til fjells  
- på Storhaug - og det er Kvinnherad Turlag som står saman  
med festivalen bak invitasjonen.  
Og dei er stolte over å presentera  
Else & Emilie Ijos levande og  
halvakustisk søndag klokka 14.  
Då lagar jentene lydspor i naturen!**

*Hu hei! Kor er det vel friskt og lett  
oppå fjellet, oppå fjellet!*

Med utsyn til halve verda, omkransa av Hardangerfjorden og dei nydelege Uskedalsfjella, ligg alt til rette for å skape ei konsertoppleving heilt utanom det vanlege. Treffpunktet mellom frisk og romantisk natur, vaflar og kaffi, og Elsa & Emilie sin deilige popmusikk kjem til å senda oss mentalt svevande opp overfjella og fjorden. Magi med utsikt.

*Her leikar vinden i kâte sprett  
oppå fjellet, oppå fjellet!*

Storhaug ligg ytst mot fjorden på den mjuke nordsida av Uskedalsfjella, om lag halvannantimes slenstrandegange opp frå bygda. Kvinnherad Turlag følger publikum opp langsstien frå bygda, og tempoet vert tilpassa eventuelle etterdønningar frå konsertopplevingane kvelden før. På toppen vert det servert vaflar og kaffi til dei som ikkje rakk frukosten før avmarsj. Så sjå for deg ein varm sommarsøndag, lyngen kilar deg i nakken og laurdagen er endeleg ute av kroppen. I fønvinden hiv du deg med Elsa & Emilie, og siglar på deira mjuke pophav- som strekk seg referansemessig frå First Aid Kit til Ellie Goulding. Etterpå spring vi ned bakkane og hiv oss i fjorden vår.

*Og foten dansar, og auga ler,  
og hjarta kveikjande hugnad fær  
oppå fjellet, oppå fjellet.*

Sjølvsagt kan det koma vind og regn og torebrak, vi er jo trass alt heima på Vestlandet. Då snur både du og artistane om på hælen også legg vi turen til ein trygg plass nede i bygda. Då bygger vi magien saman under og innafor noko. Skulle det vertaså gale gir vi på særskilt kort varsel beskjed på heila internettet og set gjerne opp ein lapp om kvar vi er i staden. Denne meldinga kjem typisk same dagen...

*Kom opp! kom opp frå den tronge dal,  
opp på fjellet, opp på fjellet!*

Felles avmarsj kl. 12 frå grusbana. Billettsal same stad frå kl. 10.30. Kostar 200 for dei som ikkje har det inkludert i helgepass. Gratis under 13 år.

Tekst og foto: Festidalen  
Nett: Ola Matti Mathisen